



Referansar: KM 15/21 + flere.

Arkivsak: 24/01177-14

Naturforståingar og vern av skaparverket

Samandrag

Samisk kyrkjeråd og Mellomkyrkjeleg råd skal samtale om naturforståing og vern av skaparverket i lys av samisk røynsle, teologi og etikk. Saka løftar fram spenningar mellom urfolksrettar, naturvern, klimaomstilling og økonomiske interesser, med Fosen-saka som eit relevant referansepunkt. Målet er å lære av samiske perspektiv og setje dei inn i ein breiare økumenisk og internasjonal samanheng. Internasjonalt er det no «skaperverkets tid», Season of Creation, med vatn og «økologisk reparasjon» som stikkord.

Dette blir slik ei annleis sak, med vekt på sams læring og samtale.

Forslag til vedtak

1. Mellomkyrkjeleg råd bed om at det vert laga ein presse sak med leiarane i MKR og SKR, kor viktige aspekt av samatlen vert spegla inn
2. Mellomkyrkjeleg råd vil arbeide vidare med...

Saksorientering

Føremål med saka

Naturforståingar og vern av skaparverket er eit sentralt tema når Samisk kyrkjeråd og Mellomkyrkjeleg råd møtest tysdag 15.9.26 i Stor-lavvoen på Saemien Sijte (Snåsa). Temaet handlar om korleis kyrkja kan forstå mennesket sin plass i skaparverket, i lys av samisk røynsle, teologi og etikk. Det rører både ved takksemd for naturen som livsgrunnlag, respekt for land og landskap og dei krevjande dilemma som oppstår når omsynet til urfolksrettar, naturvern, klimaomstilling og økonomiske interesser møtest. Sakskomplekset er stort, men hovudmålet er å lære av samisk natursyn, teologi og etikk, og samstundes gå

inn i nokre av dilemma som oppstår mellom samiske rettar, naturvern og økonomiske interesser. Fosen-saka er eit relevant referansepunkt. For Mellomkyrkjeleg råd vil det òg vere interessant å sjå saka i eit økumenisk og internasjonalt perspektiv, der det er naturleg, samtsundes som vekta vil ligge på dei lokale perspektiva.

Ein verdsvide kontekst

Season of Creation («Skaparverkets tid») er ei årleg økumenisk markering frå 1. september til 4. oktober, støtta mellom anna av Kyrkjenes verdsråd. I 2026 er temaet «Living Water» («Levande vatn»), med vekt på vatn som livsgrunnlag og økologisk gjenoppretting (restoration). Temaet knytter an til urfolksperspektiv, der land, vatn, kultur, spiritualitet og livsgrunnlag blir forstått som tett samanheng. Nokre kyrkjelydar legg sine «skapaerverk-sundager» i denne tida, td knytt til Hausttakkefest. Internasjonalt vert det arbeidd for å styrke denne tida til ein «Feast of Creation»

Program

- Sørsamisk introduksjon til staden vi er på (Saemien Sijte)
- Hovudinnlegg ved Lovisa Mienna Sjöberg, forskar ved VID og medlem av Komité for internasjonale spørsmål (KISP) i Mellomkyrkjeleg råd.
Sjöberg vil dele refleksjonar frå arbeidet sitt med teologi, urfolksperspektiv og naturforståing, særleg knytte til korleis landskap, natur og skaparverk kan forståast som meir enn ressursar for økonomisk utnytting. Eit sentralt spørsmål er korleis samiske røynsler og kunnskap kan bidra til ei djupare forståing av mennesket sin relasjon til land, natur og skaparverk, og kva perspektiv dette gir inn i samtalar om klima, naturvern og rettar.
- Respons ved generalsekretær i Kirkens Nødhjelp Anne Cecilie Kaltenborn om vern av skaparverket i eit globalt perspektiv.
- Medlemmene i råda blir inviterte til refleksjon og samtale på bakgrunn av innlegga og temaa.
- Det blir vurdert ein «samtale rundt bålet» mellom leiaren i Samisk kyrkjeråd og leiaren i Mellomkyrkjeleg råd. Denne kan danne grunnlag for ei kommunikasjonssak.

Bakgrunnsinformasjon og ressursar

Temaet står i ein lang kyrkjeleg og samisk-kyrkjeleg tradisjon. Ressursane under viser sentrale delar av dette engasjementet.

Samisk kyrkjeråd og Den norske kyrkja

Samisk kyrkjeråd: berekraft, miljø og urfolksrettar

- Oversikt over fråsegner og vedtak om mellom anna vindkraft, gruvedrift, regnskog, vatn, menneskerettar og internasjonal urfolkssolidaritet.

Fråsegner om Fosen-saka

- [Høgsterettsdommen må respekterast](#)
- [Det kviler eit stort ansvar på regjeringa](#)

Meir himmel på ei truga jord

- Kyrkjemøtesak 15/21 understrekar at det grønne skiftet ikkje må gripe uforholdsmessig inn i livsgrunnlaget til samar og andre urfolk.

Kyrkjenes verdsråd

Season of Creation («Skaparverkets tid») er ei årleg økumenisk markering frå 1. september til 4. oktober. I 2026 er temaet «Living Water» («Levande vatn»), med vekt på vatn som livsgrunnlag, økologisk lækjing og ansvar for skaparverket. Temaet knytter an til urfolksperspektiv, der vatn, land, kultur, spiritualitet og livsgrunnlag heng tett saman.

- Rapporten [*Indigenous Spiritualities, Land Rights, and Climate Justice*](#) (2025) viser korleis urfolksspiritualitet, landrettar og klimarettferd heng saman, og framhevar urfolks kunnskap i møte med klima- og naturkrisa.
- Lovisa Mienna Sjöberg bidrog med urfolksperspektiv på webinarret [*From Faith to Action: Interreligious Call for Biodiversity Justice*](#).

Internasjonale prosessar og initiativ

- **FNs klimatoppmøte (COP):** Mellomkyrkjeleg råd deltek i økumenisk og interreligiøst arbeid der urfolkskunnskap og heilskaplege løysingar får aukande vekt.
- **Det interreligiøse regnskoginitiativet:** www.interfaithrainforest.org samlar urfolk, religiøse leiingar og forskarar om vern av regnskog.
- **Kirkens Nødhjelp og ACT Alliance:** Arbeider fleire stader med klimatilpassing i samarbeid med urfolk, og breiare med klima og naturkrisa mellom anna politisk påverknad.
- ***Faith, Forests, and Indigenous Leadership*:** Eit initiativ som skal samle urfolksleiingar, regnskogaktivistar, forskarar, trusleiingar og kunstnarar under urfolksforumet til FN i New York i april 2027.

Andre ressursar

- [*Kjærleik til skaparverket*](#), av KISP-medlemmene Olav Rune Ertzeid og Lovisa Mienna Sjöberg.

Økonomiske/administrative konsekvensar

Ingen særlege økonomiske eller administrative konsekvensar.